

Korrigert referat frå rådsmøte 13.oktober 2009.

Tilstades: Regionordførar Olav Urbø, Arne Vinje, Torstein Tveito, Anne-Nora Oma Dahle, Solveig S. Abrahamsen, Bjørn Nome, Therese Hauger, Hans Kristian Lehmann, Hans Bakke, Sverre Sæter, Per Dehli, Ketil Kiland og sekretær Kjell Gunnar Heggenes.

I tillegg møtte Haldor Kaasin og Karin Kvålseth frå Vest-Telemark Næringsutvikling, Marita Oxum frå fylkesmannens landbruksavdeling og fylgjande representantar frå landbruksavdelingane i kommunane: Sverre Bakke, Torunn Raftevoid Rue og Thor Christiansen.

Møteinnkalling og sakliste vart godkjent utan merknader.

Sak 72/2009 Referat frå rådsmøte 15. september 2009.

Vedtak: Referat frå rådsmøte 15. september 2009 vert godkjent utan merknader.

Sak 73/2009 Landbruket i Vest-Telemark – situasjonen i dag og utsiktene for framtida.

Som bakgrunn for drøftingane låg det føre ei undersøking i regi av fylkesmannen gjort blant mjølkeprodusentane i Telemark. Undersøkinga viser mellom anna at vår region har store utfordringar innafør landbruket med stadig færre mjølkeprodusentar, relativt små mjølekvoter, svake økonomiske resultat og redusert investeringslyst blant bøndene.

Marita Oxum frå fylkesmannens landbruksavdeling og Karin Kvålseth frå Vest-Telemark Næringsutvikling innleidde i saken.

Det vart peika på at utfordringane i regionen mellom anna går på dei naturgitte tilhøva med begrensa ressursar, små bruk og store avstandar, ikkje berre positiv fokus innan yrkesgruppa, manglande vilje til endringar og for lite fokus på gründerar og dei yngre generasjonane.

På den positive sida har Vest-Telemark arealgrunnlag som er langt høgare enn det som vert produsert i dag. Det ligg til rette for ei dobling av kjøtproduksjonen innan sau og storfe, ei dobling innan tømmerproduksjonen, moglegheiter for samdrift, nyetablering og satsing på dei ”som vil”, større produksjon av økologisk mat, auka satsing på gardsturisme og meir positiv fokus på moglegheitene.

Det er også viktig å få rammetilhøve som høver betre for vår struktur og geografi då Telemark etter dagens opplegg ofte ”fell mellom 2 stolar”.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringane til vitande.

Rådet vil starte ein prosess der ein arbeider politisk og administrativt i høve til den komande landbruksmeldinga slik at regelverket vert betre tilpassa regionens struktur og geografi.

Vidare rår ein til at det vert utarbeidd landbruksplanar i kvar enkelt kommune med tanke på at desse skal danne grunnlaget for ein felles landbruksplan for regionen.

Vest-Telemarkrådet vil setje ned ei arbeidsgruppe med tanke på vidare organisering og framdrift.

Sak 74/2009 Forvaltningsreformen 2010. Folkehelse som lovpålagt oppgave for fylkeskommunen – vidareføring av partnerskapa.

Leiar av folkehelseprogrammet i Telemark Anne Karin Andersen var tilstades og orienterte nærare om saken.

Folkehelseprogrammet inngår i fylkesplanen for Telemark og vart starta i 2006 etter vedtak i Fylkestinget. Det vart oppretta eit folkehelseforum bestående av 13 offentlege instansar og frivillige organisasjonar som har ansvar for gjennomføringa av programmet. Det vart vidare bestemt at det skulle utarbeidast "Folkehelsemelding" for å beskrive status og utviklingstrekk for helsetilstand og trivsel i Telemark.

Til rådsmøtet låg det føre folkehelsemelding for 2008. Meldinga viser at dei aller fleste i Telemark har det svært bra, men at levekårstatistikken viser ein stor og til dels aukande ulikskap. Dei såkalla livsstil-sjukdomane er ei stor utfordring og har stor fokus i programmet. I dag er 3 av Vest-Telemarkkommunane partnerar i folkehelseprogrammet og det er ei målsetjing at alle kommunane i Telemark skal inngå i partnerskapet.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.

Sak 75/2009 EU sitt nye postdirektiv, førespurnad frå Kviteseid Venstre v/Jon Ingebretsen

Det låg føre spørsmål frå Kviteseid Venstre v/ Jon Ingebretsen om mogleg støtte til uttale i høve nytt postdirektiv.

Vedtak: Saken vert utsett.

Sak 76/2009 Ymse.

Samhandlingsreformen.

Bjørn Nome opplyste at legevaktordninga for Fyresdal no vert flutt frå Arendal til Kristiansand og at dette inneber at kommunen truleg vil sjå seg om etter andre løysingar.

Ketil Kiland opplyste at det no vert arbeidd med å få oversikt over dei samla legeressursane i regionen.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande og ber rådmennene rapportere omkring ressursituasjonen på neste rådsmøte.

Referent: Kjell Gunnar Heggenes